



**Notat til**  
**BUK sak 26/14**

---

**Til:** Byutviklingskomiteen **Dato:** 28.05.2014  
**Fra:**  
**Saksbeh:** Gro Borgersrud  
**Telefon:** 91 71 13 17

---

**KAN MAN GI EI GATE NAVN ETTER ET FIRMA SOM EKSISTERER?**

I høringen om nye navn på Hasle/ Løren ble det stilt spørsmål til om man kan gi ei gate navn etter et firma som eksisterer. Jeg sendte spørsmålet til Bottolv Helleland, stedsnavnkonsulent i Språkrådet:

"Bydel Grünerløkka skal gi navn til to nye gater. Et av forslaga er «Arcusveien». Kan man gi ei gate navn etter et firma som eksisterer?"

Her er svaret fra stedsnavnkonsulenten:

Dersom eit firmanamn er godt innarbeidd og fungerer som eit kjent punkt eller område i nærmiljøet, bør det vera mogeleg å ta det som namn. Men det bør vera så innarbeidd at det vil vera kjent etter verksemda som skapte namnet, eventuelt er nedlagd, jf. Frydenlunds gate, Schous plass. På den andre sida bør ein vurderer om eit firma får urimeleg mykje reklame ved at firmanamnet går inn i eit gatenamn.

Så hovudprinsippet er at ein nyttar namn og ordstoff som reflekterer allment innhald, som natur, arbeidsliv, historie, folkesetnad (det bur mange innvandrara på Grünerløkka). Arcus (Vinmonopolet?) er kanskje allment nok, og me har tidlegare tilrådd namn som Brennerivegen (Oslo), Destillerivegen (Nittedal) - desse går på verksemda. Det er noko annleis med Arcus, som altså er eit firmanamn. Kor vidt slike namn kjem i konflikt med alkoholova, torer eg ikkje seia noko om. Det spørst då òg om kva alternativ ein har. Men ein ekstra runde på det prinsipielle ved å ta eit firmanamn i bruk som gatenamn er ynskeleg. Dessutan skal folk skal trivast med namnet (kanskje somme vil gjera det ved \*Arcusveien/-gata). Ein treng likevel ikkje ty til Solhellinga og Roseveien.

Kartverket har gjeve ut Adresseveileder for namnsetjing av adresser, sjå flg. nettstad:  
<http://www.statkart.no/Documents/Matrikkel/veiledning/av-instruks/adresseveileder-uu.pdf>  
Det er fyrst og fremst kap 6 som gjeld namn, og som er utarbeidd i samråd med stadnamntenesta.

Mi eiga bok Adresser og stadnamn er òg tilgjengeleg i pdf-format på denne nettstaden:  
<http://www.sprakradet.no/upload/Stedsnavn/Adresser%20og%20stadnam.pdf>  
Sjå særleg kap. 2.13-20, og 5.10-11

Og så har du sikkert tilgang til innstillinga til Oslo gatenamnkomité (ved Ole Kristian Åsgård).